



Møtereferat

Dato: 11.09.2014

| | | | |
|-------------|--|-----------|-------------------------|
| Til stades: | Unn Fauskanger, Svein Inge Styve og Annbjørg Laupsa Sigrid Laastad deltok i deler av møtet. | | |
| Forfall: | | | |
| Emne: | Nye skular på Voss, status og vegen vidare | Sak: | |
| Møtetid: | Torsdag 11. september 2014 kl 12.00-15.30 | Møtestad: | Fylkesbygget kontor 913 |

Møteleiar: Annbjørg Laupsa

Referent: Annbjørg Laupsa

| Dato | Tekst | Ansvarleg |
|----------|---|---|
| 11.09.14 | <p>Personalkabalen</p> <p>Frå økonomiavdelinga vert det opplyst at dersom ein går ut frå 85 % oppfylling i klassane vert det truleg trong for om lag 125 - 150 årsverk. Dette er førebels tal. Her er medrekna reinhald, kontor, leiing, miljørarbeidrarar og bibliotek. Stillingar knytt til gardsbruket og internatet kjem i tillegg.</p> <p>Behov for kompetanse må avklarast snarast. Skal ta utgangspunkt i eksisterande tilbod. Korleis høver nosituasjonen med ny skulestruktur på Voss? Alle tilsette må leggja inn CV'ane sine i Personalportalen.</p> <p>Tilsette på skulane har trong for informasjon, m.a. grunna usikkerhet rundt «leiarkabalen», tal på klassar, elevtal og kompetansebehov. Det vert sett opp datoar for jamnlege møte, der tilsette får stilla spørsmål og får svar på ting som opptek dei. Dersom enkelte treng tettare dialog, vert det opna for det. Det er ynskeleg at HMT bidreg ved behov.</p> | <p>Økonomiavdelinga</p> <p><i>Rektorane på dei fem skulane</i></p> <p><i>Rektorane på dei nye skulane, omstillingstillitsvald, regionleiar.</i></p> |
| | <p>Assisterande rektorstillingar vert lyst ut eksternt i løpet av oktober. Fylkesdirektør for opplæring/regionleiar vil delta i søknads- og tilsettingsprosessen. Tilsettingstidspunkt: 1. januar 2016</p> | <p><i>Rektorane på dei nye skulane, regionleiar</i></p> |
| | <p>Avdelingsleiariane vert tilsett etter intern utlysing våren 2015. Utgangspunktet er om lag 80 % leiing og 20 % undervisning (event 70/30)</p> | <p><i>Rektorane på dei nye skulane</i></p> |
| | <p>Fagleiarar/elevinspektørar, rådgjevarar og alle andre vert tilsette etter at avdelingsleiarkabalen er på plass.</p> | <p><i>Rektorane på dei nye skulane</i></p> |

| | | |
|--|--|---|
| | <p>Avklaring rundt samanslåingstidspunkt for administrasjonen</p> <p>Ting må fungera godt i omstillingss prosessen og me må sikra gode skular gjennom heile byggeperioden. Det er ikkje tidspunktet, men prosess og mål med samanslåinga som er det vesentlege. Me må ha ein open prosess, og samanslåinga må skje i dialog med leiinga og tillitsvalde.</p> <p>Tilbodsstrukturen</p> <p>Utgangspunkt for tilbodsstrukturen ligg i vedtak fatta i Skulebruksplanen. Dersom det vert gjort endringar, må det fattast nye politiske vedtak.</p> <p>Medie og kommunikasjon (MK) er vedteke nedlagt (Sak 72/12 i Fylkestinget). Det er kome nye læreplanar på høyring. Når nye læreplanar er godkjende, vil Fylkesdirektør for opplæring gjennomgå planane og vurdera dimensjonering av MK i heile fylket vårt.</p> <p>Det er trøng for gjenoppretting av innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar og ein reiselivsklasse. Det vil truleg også vera trøng for opplæring innanfor skog (Vg 2 skog) i regionen. Kva med IKT- driftsfag?</p> <p>Tilbodsstrukturen må avklarast snarast, slik at prosessen rundt romkabal, inkl arbeidsplassar, kan verta god. Dette vil også kunna avklara stillingsbehovet. Dersom påbyggingsklassar til generell studiekompetanse vert bygt ned i fylket, er det viktig å ha gode «praktiske supplement» til vegen fram mot studiespesialisering (STFO, NA, MDD, MK, idrett).</p> <p>Utfordringar i byggeperioden</p> <p>24. og 25. september er det ein konferanse om skulebygg, <i>Fremtidsretta læringsarenaer</i>, som rektorane vil delta på.</p> <p>I byggeperioden vil Voss gymnas ha store utfordringar og gymnaset kan få leiga rom i Kulturhuset og i idrettshallen. Rektor melder også om behov for modular til realfagsundervisning og arbeidsrom for lærarane. I tillegg vil det vera noko trøng for å bruka gymsal og klasserom på Vatle.</p> <p>Bryn-elevane, som skal ha kroppsøving i ny idrettshall i Skulestadmo, får mellombelse garderobeløysingar (dimensjonert for om lag 60 elevar). Bryn-elevane skal ha teoriundervisning i den mellombelse skulen dei dagane dei har kroppsøvingsundervisning. Her er det timeplantekniske utfordringar, som må løysast.</p> | <p><i>SBP-gruppa og regionleiar</i></p> <p><i>Fylkesdirektør for opplæring</i></p> <p><i>SBP-gruppa ser på framlegg</i></p> <p><i>Rektor på Nye Voss gymnas/eigedomsavd</i></p> <p><i>Rektor på nye Voss vgs og eigedomsavd</i></p> |
|--|--|---|

| | |
|---|--|
| <p>Grunna mellombels løysing med modulskule, er det påført Voss jordbrukskul ekstra kostnader til inventar til arbeidsplassar, mellombelse garderobeløysingar og ny vaskemaskin (pga kurset på elektrisk anlegg). Her har skulen brukt om lag 250 000 kr. Tilsette på skulen har flytta på dugnad, og vonar å få tilført midlar til å dekka nemde utgifter.</p> <p>Tilsette og elevar er godt nøgde med modulskulen.</p> <p>Det er ynskje om å ha ein representant til i brukarutvalet i samspelsprosessen. Utdanningsforbundet ynskjer å vera representert i tillegg til rektor.</p> <p>Hybelkoordinator og internatleiar</p> <p>Internatet må vera eige føretak, med budsjett uavhengig av skulebudsjettet på Voss jordbrukskule (2014/15 - 2015/2016) og Nye Voss vgs. Skulen må ikkje belastast for driftsutgifter knytt til internatet.</p> <p>Det vert arbeidd med å finna ei god løysing for elevar som bur på hyblar og på internatet. Innhaldet i noverande stillingar er endra grunna ny struktur. Oppgåvane i hybelkoordinatsstillinga vert knytt opp mot prosjekt <i>Helsefremjande skule</i> og stillinga bør vera ein elevkoordinator, som vert ein ressursperson for elevane. Nye stillingsinstruksar er utarbeida frå hausten 2014.</p> <p>Prosedyrar for avvikling av skular</p> <p>Rektor på tidlegare Tanks vgs har under utarbeiding ei handbok med erfaringar og råd i samband med avvikling av skular. Når denne er ferdig, kan me truleg finna hjelpe her og handboka vert tilpassa situasjonen på Voss. Dette må sjåast i samanheng med allereie godkjente prosedyrar og omstillingsreglar i Kvalitetssystemet vårt.</p> <p>Rektoranane på begge skulane ynskjer å vera 100 % tilsett på nyeshulen året før innflytting. Tillitsvalde støttar dette. Dersom organisatorisk samanslåing vert framskunda, må ein vurdera rektorressursen på nyeshulen.</p> <p>Prosjektgruppemøta</p> <p>Det må avklarast kven som representerer kven i prosjektgruppemøta, heretter kalla «omstillingsgruppemøte». Møta vert på dagtid. Representantar frå alle tilsette møter og alle fem skulane må vera representerte. Alle noverande rektorar møter. Eit lokalt verneombod bør delta. Fyrste møte er sett til 27. oktober (eit på kvar skule).</p> <p>Det er utarbeidd eit framlegg til skjema, som kan brukast i omstillingsperioden. (Etter møtet vert det opplyst at det er utarbeidd eit elektronisk skjema)</p> | <p><i>Rektor på VOJ tek dette opp med økonomiavd</i></p> <p><i>SBP-gruppa/eigedom</i></p> <p><i>Eigedom/økonomiavdelinga</i></p> <p><i>Personalavd</i></p> <p><i>SBP-gruppa, regionleiar og presonalavdelinga</i></p> <p><i>Regionleiar og personalavdelinga.</i></p> <p><i>Omstillingstillitsvalde, rektoranane på dei nye skulane</i></p> <p><i>SBP-gruppa</i></p> |
|---|--|

| | | |
|--|--|--|
| | <p>Omstillingssprosessen må starta så tidleg som mogeleg, og det er ynskeleg at personalavdelinga utarbeider liste over tilsette. Kompetanse og ansiennitet er styrande.</p> <p>I tidlegare møte er det lova at tilsette før 1. mai 2011 er sikra arbeid på i dei nye skulane.</p> <p>Tidspunkt for nye møter vert sett opp (ikkje mandagar og onsdagar)</p> <p>Andre saker Tilsette på Hjeltnes vgs må opplysast om søknadsprosessane på Voss, og kunna meld si interesse her.</p> | <p><i>Personalavd</i></p> <p><i>Personaldirektøren</i></p> <p><i>Rektorane på dei nye skulane, omstillingstillitsvalde</i></p> <p><i>Regionleiar</i></p> |
|--|--|--|